



Etne kommune Formannskapet
5590 ETNE

Etne, 03.12.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2014001490/2014008666

Arkiv:
N-406.2

Sakshandsamar:
AGS

TANNHELSETENESTA I ETNE KOMMUNE - UTTALE FRÅ **ETNE ELDRERÅD**

Etne eldreråd hadde møte 03 12 14, sak 015/14 og vil koma med fylgjande uttale:
*«Etne eldreråd sluttar seg til uttalen frå Etne kommune, og vil koma med fylgjande tillegg:
Me har med stor undring lese Hordaland fylke sin strukturplan, når det gjeld Etne kommune.
At eldre, svake og uføre i framtida skal reisa til Sveio, evt. Husnes for nødvendig
tannbehandling er HEILT UTENKELEG.*

*Særleg med tanke på den fremtidige auken av pasienter, p.g.a. høg alder. Våre prognoser
tilseier at 50% må ha fylgje og transport til behandlingsstaden. Ut frå eit økonomisk
synspunkt, vil kostnaden med transport/fylgje til eksempelvis Sveio, utgjere kr. 1300,- for eit
enkelt besøk/behandling.*

*NØKKELEN til eit godt resultat, for den enkelte pasient, og for felleskapet, må etter vårt
skjønn vera SAMARBEID mellom dei to private tannlegekontora i Etne, og det offentlege. Pr.
i dag er kapasiteten til dei private kanskje ikkje tilstrekkeleg, men her er nyansettelser og
utviding fullt mulig.*

*Frå eit samfunnsøkonomisk synspunkt må dette vera DET BESTE, samtidig som det
menneskelege aspektet og er godt ivaretatt.*

ALTERNATIVTT:

*Dersom Hordaland Fylke ikkje kan godta våre premisser med rimelege endringar, må ein
søkja samarbeid med Vindafjord/Rogaland Fylke som vil vera eit vesentleg betre alternativ
enn Sveio eller Husnes.*

Det kan og vera mulig og utreda eit framtidretta alternativ, MOBILT TANNLEGEKONTOR.

Med helsing
Etne eldreråd


Bergljót Aastvedt
leiar

